

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Roald Stenseide (Frp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han har ein nevø som arbeider i Turbuss Vest AS. Stenseide gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Stenseide ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd b) og 2. ledd.

Roald Stenseide tiltredde saksbehandlinga.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

Fylkesutvalet seier nei til søknaden frå Turbuss Vest.

Fylkesutvalet kan ikkje godkjenne ei langsiktig avtale om bruk av bussar som ikkje har best mogleg miljøteknologi.

Fylkesutvalet går i dialog med oppdragsgjevar og prøver få til ei rute med el-buss eventuell anna miljøvenleg hybridløsning.»

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Ved fornying av materiell vert Turbuss Vest AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Tomren trekte forslaget sitt.

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (SV, MDG) for Oen sitt forslag. Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for servicebussruter i Fjell kommune, i samsvar med søknad av 18.01.2017.
2. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
3. Ved fornying av materiell vert Turbuss Vest AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.